

Notat/ status til prosjekter frå Kultur og fritid 24.05.19

Mål/ visjon for arbeidet:

Kultur-, idretts-, og foreiningsliv styrker identitet, opplevingar, bulyst, merkevare og verdiskaping.

Status for arbeidsgruppa:

1. Arbeidsform

Ein har jobba med kartlegging og organisering av dei ulike avdelingane gjennom fire ulike arbeidsverkstader der ein har gjort seg ferdig med område for område. Det blir få organisatoriske endringar i kommunalområde i høve slik Voss kommune har organisert seg. Det er ein prosess på gang i høve drifta av kulturhuset.

2. Kulturskule

Kulturskulen i Voss og Granvin blir samordna og samarbeidet startar allereie frå hausten 2019. Nye vedtekter er vedteke (FN sak 12/19) og det er bestemt at betalingssatsane skal samordnast. Vedtekter og betalingsattsar gjeld frå 1.1.2020.

Ein skal halde fram med undervisning i Granvin, og det kom politisk innspel i vedtektene på at ein ynskte tilbod i andre grender også. Moglegheitene for dette skal utgreiast fram til skuleåret 2020/21.

Elevane i begge kommunane kan nytte seg av tilbodet i begge kommunane.

Kulturskulerektor i Granvin går inn som ass.rektor i ny kulturskule med 40 % stilling.

Dagens rektor har 20/80 undervisning/administrasjon som tilseier 1,2 stilling til leing av kulturskulen.

Kulturskulelærarane i Granvin er mellombels tilsett. Når nivået på tilbodet har stabilisert seg vil desse bli tilsett fast. Dette vil sannsynlegvis skje frå skuleåret 2020/2021.

3. Bibliotek

Kulturbanken/Granvin folkebibliotek blir del av biblioteket på Voss. Bibliotekaren i Granvin har no delstilling på Voss og i Granvin. Det vil ikkje bli endringar i opningstidene i Granvin. Program og arrangement blir samordna der det er nyttig. Bibliotekaren i Granvin har det faglege ansvaret for skulebiblioteket i Granvin. Kva som skjer med skulebiblioteka i Voss avhenger av om ein får behalda bokbussen.

Det digitale fagsystemet i Granvin blir lagt ned og Voss sitt system blir innført frå sommaren 2019.

4. Ungdomsarbeid

Ungdomsarbeidaren i Granvin blir administrativt lagt under leiar for avdelinga Ungdomsarbeid. Ungdomsklubbane blir oppretthalde slik dei er i dag.

Det skal etablerast eit nytt ungdomsråd. Ungdomsarbeidaren i Granvin får det administrative ansvaret for å leggja til rette for gode politiske prosessar og medverknad frå ungdom. Reglementet for ungdomsrådet er vedteke av fellesnemnda. Elevråda på skulane blir viktige samarbeidsråd ved framlegg av representantar.

Ungdomsråd er frå hausten 2019 lovfesta i kommunelova, og rådet skal fungera som andre politiske organ. Mellom anna vil det no bli betalt ut møtehonorar. For å kunne imøtekoma behovet for et meir uformelt organ, vil det bli oppretta ungdomsstyre knytt til dei tre ungdomskulekrinsane. Ungdomsstyra skal ivareta ungdommane sine behov for å kunne påverka tilbodet i fritida si.

SLT og edruskapsvernet ligg framleis til denne avdelinga.

5. Kulturarbeid

I organisasjonskartet er kulturarbeid markert ut som ei eiga avdelinga. Det vil likevel ikkje vere eigen avdelingsleiar her, men alle (3 personar) vil rapportere direkte til kommunalsjefen.

Folkehelsearbeidet er bestemt flytta ut av kultur og fritid og inn i stab/Strategi og styring. Til gjengjeld blir friluftsliv overført til Kultur og fritid.

UKM vil bli samordna frå neste skuleår. I dag samarbeider Granvin med Ulvik og Eidfjord. Ein vurderer korleis ein skal handtere dette.

Kulturarbeidarstillinga i Granvin blir ledig på samanslåingstidspunktet. Det vil ikkje vere mogleg å rasjonalisere denne bort då denne er einaste administrative stilling som føl med frå Granvin til Voss herad.

Drifta av museet i Granvin kan delvis løysast ved at buande vertskap. Dette konseptet skal ei prøva ut.

Utfordringa med forvalting av kulturminnevernet er framleis ikkje løyst, men det blir jobba med ulike løysingar.

6. Kulturhus

I organisasjonskartet er Kulturhuset ei eiga avdeling med eiga leiing. Her er det framleis ein del usikkerheit knytt til rammer og drifta framover. Det blir jobba med dette i Voss kommune og ein håper å snarleg ha dette på plass.

Når alle økonomiske og formelle rammer er på plass, vil det vere naturleg at ein startar eit visjonsarbeid for kulturhuset som tek mål av seg å skapa ein felles fagleg og driftsmessig plattform ein kan arbeide etter.

Voss kino blir ikkje direkte berørt av samanslåinga då det ikkje er kino i Granvin.

7. Heradsfest

Ordførarane har bedt Kultur og fritid arrangera Heradsfest. Festen blir lagt til helga 28. februar til 1. mars 2020.

Førebels program er slik:

1. Fredag: Folkemusikkfest i Granvin ved Spelarhola
2. Laurdag
 - a. Det er tinga sjov med Linda Eide. Dette vil blir framført i gamlekinoen laurdag 29.2.20. Det vil bli halde to førestillingar.
 - b. Opne arrangement i bibliotek og kulturhus.
 - c. Kåseri/foredrag med Harald Stanghelle (ikkje stadfesta)
 - d. Kunstutstilling med tema Voss og Granvin – samarbeid med kunstlaget.
3. Sundag: Konsert med Distriktsmusikarane i kyrkja og ev. Rut Lillegraven
4. Lag og foreiningar blir oppmoda om å planleggja og gjennomføra eit arrangement i løpet av året som markerer kommunesamanslåinga. Arrangement som involverer begge kommunane vil bli prioritert. Det blir sett av ein sum pengar for å stimulera til dette. Arrangementet må meldast inn og prioriterast som del av Heradsfesten og skal inngå i eit heilskapleg program.

Planlagde utviklingsaktivitetar (jmfr. styringsdokument)/prioriterte oppgåver

1. Det vil bli arbeidd med å finne ein berekraftig og god driftsform for kulturhuset. Ein del av dette arbeidet vil vere å utarbeide eit konsept/visjon for huset som kan samla aktivitetane inn mot eit felles mål. Dette arbeidet vil bli starta opp rett etter ferien.
2. Ein må finne ei form og innhald til ungdomsstyra som vil gjere det attraktivt for ungdommane å delta i arbeidet.
3. Planleggja for val av representantar til ungdomsrådet. Dette blir gjort i samarbeid med ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane.

Medverknad frå andre ressurspersonar:

Det har vore arbeidsverkstader for kulturskule, bibliotek, ungdomsarbeid og generelt kulturarbeid. Deltaking har variert noko mellom arbeidsverkstadane, men tillitsvalde og verneombod er kalla inn til alle møta.

Informasjon til tilsette:

Framlegg til organisering vart sendt til relevante fagforeiningane.

Voss herad 2020

Det har vore halde eit drøftingsmøte med fagforeiningane i samband med organisering og innplassering av tilsette.

Gevinstrealisering

Gevinstrealiseringa på Kultur og fritid

Vedlegg:

Tidsplan for arbeidet vidare og saker til Fellesnemnd og PSU